



Askvoll kommune  
Kommuneplanens arealdel 2014 – 2025.  
Planskildring

Vedteken av kommunestyret 14.10.15, sak KOM 021/15

---

**DOKUMENTINFORMASJON**

Oppdragsgjevar: Askvoll kommune  
Rapportnamn: Planskildring  
Utgåve/dato: Vedteken plan  
Arkivreferanse: -

Oppdrag: 530866 – Askvoll KPA  
Oppdragskildring: Komplet arealdel inkl KU og ROS. Deltaking i folkemøte.  
Oppdragsleiar: Trygve Andresen  
Fag: Analyse og utredning  
Tema: Kommunal- og regional planlegging  
Leveranse: Plandokument og prosessbistand.

Skriven av: Karianne Eriksen, Trygve Andresen, Guro Steine  
Kvalitetskontroll: Torhild Wiklund

Asplan Viak AS [www.asplanviak.no](http://www.asplanviak.no)

---

## FØREORD

Oppstart av rullering av kommuneplan for Askvoll kommune vart vedteken i kommunestyret i juni 2009. Kommunen har ikkje hatt ein heilskapleg kommuneplan med samfunnsdel, men fleire kommunedelplanar for ulike tema og geografiske delområde. I vedtaket låg at ein skulle starte med samfunnsdelen som skulle gje føringar for arealdelen. Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteken september 2011. I desember 2011 vart det gjort vedtak i kommunestyret om oppstart av rullering av arealdelen.

Planprogram for arbeidet med arealdelen låg ute til offentleg ettersyn i mars 2012, og vart fastsett av kommunestyret juni 2012.

Arealdelen som skal rullerast er frå 1994, og er ein relativt enkel plan. Planen er supplert av fleire kommunedelplanar som er noko meir detaljerte. Alle tidlegare planar er utarbeidde etter plan- og bygningsloven 1985.

Arbeidet med kommuneplanen har omfatta alle plantema og inkludert innarbeiding av gjeldande planar som framleis skal gjelde. Arbeidet med oppdatering til ny plan- og bygningslov av 2008 har vore omfattande og krevjande, og gitt ein del faglege utfordringar. Det er gjort eit stort arbeid med gjennomgang av eldre planar og digitalisering av planar og grunnlag. I tillegg er eit stort tal på innkomne innspel til ny arealbruk handsama og konsekvensutgreidd. Med det grunnlaget som er lagt i planen, vil kommunen ved seinare rulleringar i større grad kunne ta for seg enkelttema eller delar av planen, slik at arbeidet ikkje vert fullt så omfattande og ein kan gå meir i djupna på det enkelte tema.

Komité for plan har vore styringsgruppe for planarbeidet. Arbeidsforma har vore møte der det har blitt diskutert og valt prinsipp / tema i planlegginga. Innspel og plandokument har fortløpande vore førelagt gruppa, som heile vegen har arbeidd konkret med innhaldet i planen.

Asplan Viak har vore engasjert som plankonsulent for Askvoll kommune. Plankonsulenten har utarbeidd plandokumenta, og stått for gjennomføring av folkemøte. Arealplanleggjar Trygve Andresen har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Plan- og miljøvernleiar Kjersti Sande Tveit og bygg- og eigedomssjef Helge Follevåg har vore plankonsulentens kontaktpersonar i oppdraget, og bindeleddet mellom styringsgruppa og plankonsulent.

**INNHALD**

1	Innleiing.....	5
1.1	Bakgrunn og føremål. Samfunnsdel og planprogram.....	5
1.2	Plandokumenta .....	5
1.3	Plangrunnlag. Tilhøvet til eldre planar .....	6
1.4	Endringar i planen etter første gongs høyring.....	6
2	Rammer for planarbeidet.....	7
2.1	Plan og bygningslova .....	7
2.2	Nasjonale føringar.....	7
2.3	Regionale/ Fylkeskommunale føringar .....	8
3	Planprosess .....	9
3.1	Organisering .....	9
3.2	Medverknad .....	9
4	Planframlegget.....	10
4.1	Hovudtrekk i føreslått arealbruk.....	10
4.2	Eksisterande og nye bustadområde .....	12
4.3	Nye areal for fritidsbustad og småbåthamner. Fritid/turisme.....	17
4.4	Næring og fritid/turisme .....	22
4.5	Andre føremål .....	22
4.6	Byggjegranser .....	24
4.7	Omsynssoner .....	26
5	Verknader av planforslaget.....	55
5.1	Konsekvensutgreiing.....	55
5.2	Samfunnstryggleik. ROS-analyse.....	57

**VEDLEGG 1: Føresegner og retningslinjer****VEDLEGG 2: Konsekvensutgreiing****VEDLEGG 3: Risiko- og sårbarheitsanalyse**

# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn og føremål. Samfunnsdel og planprogram

Oppstart av rullering av kommuneplanen vart vedteken i kommunestyret juni 2009. Det vart vedteke å starte med samfunnsdelen, som skulle gje føringar for arealdelen. Samfunnsdelen vart vedteken september 2011.

Dei viktigaste føringane i samfunnsdelen av kommuneplanen er:

- Målsettingar om attraktive, raskt tilgjengelege bustadtomter i alle krinsar
- Sikre areal for eksisterande og nye næringar
- Ta vare på landbruksareala
- Noko vindkraft
- Moderat vidareutvikling av oppdrett
- Prioritering av område til bustad framfor fritidsbustad
- Verne mangfald av natur- og kulturlandskap og legge til rette for tilgjenge til slike område

Desember 2011 blei det gjort vedtak i kommunestyret om oppstart revidering av arealdelen. Komité for plan vart utpeikt som styringsgruppe for planarbeidet. Planprogram for arbeidet med arealdelen vart lagt ut til offentlig ettersyn, og befolkninga vart invitert gjennom avisannonse til å kome med innspel til planprogram og innhald i sjølve planen i mars 2012.

Planprogrammet vart fastsett av kommunestyret juni 2012. Planprogrammet seier korleis arbeidet med arealdelen skal utførast.

## 1.2 Plandokumenta

Kommuneplanens arealdel består av følgjande dokument:

**Planskildring:** Planskildringa samanfattar bakgrunn og føremål, rammer for planarbeidet, planprosessen og korleis kommunen har arbeidt, medverknad og korleis innspel til planarbeidet er handtert, og innhaldet i og konsekvensar av planen.

**Plankart:** Arealplankartet omfattar heile kommunen og er juridisk bindande for arealbruken i planperioden.

**Føresegner:** Føresegnene utdjupar plankartet, stiller krav til planlegging og arealbruken, og er juridisk bindande. Omfattar både generelle føresegner, tematiske føresegner og geografiske føresegner for spesifikke område.

**Konsekvensutgreiing (KU) og risiko og sårbaranalyse (ROS):** Konsekvensane av framlegg til nye byggjeområde i planen er utgreidd med tanke på verknader for natur, miljø og samfunnstryggleik. Utgreiingane er dokumentert og ligg som vedlegg til planen.

### 1.3 Plangrunnlag. Tilhøvet til eldre planar

Plangrunnlaget før utarbeiding av ny arealdel består av arealdel frå 1994, kommunedelplanar, og ei rekke reguleringsplanar. Mange av desse ligg ikkje føre på digitalt format. I ny arealdel er vist avgrensing av plan som framleis skal gjelde, og byggeområda i den enkelte planen er vist med byggeføremål.

Arealdelen erstattar tidlegare kommuneplan og kommunedelplanar for arealbruk (Askvoll sentrum, Bulandet – Værlandet, Herland, Stongfjorden, Sauesund, Kvammen, kystzoneplan) etter eldre planlov. Arealbruken i kommunedelplanane er i hovudsak vidareført i ny arealdel.

Liste over kva reguleringsplanar som framleis vil gjelde ligg i kapittel 4.7.15.

### 1.4 Endringar i planen etter første og andre gongs høyring

Etter første gongs høyring og handsaming i styringsgruppa er ein del område redusert eller fjerna frå planframlegget, medan andre område har blitt lagt til. Dei områda som har blitt lagt til er:

- Fritidshus Nesskog (Førdefjorden krins - F26)
- Småbåthamn v/ Flokeneset kai (Førdefjorden krins - SBH14)
- Råstoffutvinning Stafsnes (Stongfjorden krins - R6)
- Næring Rivedal (Holmedal krins - N7)
- Bustadfelt Haugen – Ask (Askvoll krins - B33, del av KU-vurdering for Askheia)
- Småbåthamn/bygg og anlegg Sauesund (Atløy krins – BA7)
- Gang-/sykkelveg Grov nedre – Atløy skule (Atløy krins)
- Naust Grov nedre (Atløy krins – Na8)
- Naust Leirvåg (Atløy krins - Na9)
- LNF spreidd Vilnes (Atløy krins)
- Akvakultur Raudøy (Atløy krins – AK12)

Det er utarbeida konsekvensutgreiing og ROS-analyse for dei nye områda og dei er lagt inn i plankartet. 11 akvakulturområde er også KU-vurdert og lagt inn i planframlegget.

Etter andre gongs høyring og vedtak av planen er det gjort fleire justeringar, og eitt område er lagt til:

- Naustområde Stafsnes (Stongfjorden krins – Na5)

## 2 RAMMER FOR PLANARBEIDET

### 2.1 Plan og bygningslova

Gjeldande planlov (PBL 2008) trådde i kraft 1.juli 2009. Dei viktigaste endringane i kommuneplanens arealdel frå den gamle planlova er:

- Kommuneplanens arealdel (kpa) har ei anna inndeling av føremål i høve til tidlegare, og skil klarare mellom hovudformål og underformål. Hovudformåla er felles for både kommuneplan og reguleringsplan.
- Omsynssoner er innført som nytt element. Plankartet skal vise soner med særlege omsyn og restriksjonar for korleis areala kan brukast.
- Innhaldet i omsynssonene kan presiserast gjennom retningslinjer og føresegner.
- Det kan gjevast generelle føresegner til kpa som kan erstatte kommunale vedtekter.
- Det kan gjevast fleire typar føresegner for å utdjupe arealformåla i kpa
- Kongen kan avgrense høvet til å endre kpa når nasjonale eller regionale interesser tilseier det
- Det er innført to typar reguleringsplanar: Områderegulering og detaljregulering. Områdereguleringsplanar er offentlege planar som det er kommunen sitt ansvar å utarbeide.
- Vilkåra for å gje dispensasjon er gjort klarare

Plankartet er oppdatert i samsvar med dei nye arealformåla og gjeldande teiknereglar (SOSI-standard). Det er det innført ei rekke nye omsynssoner. For skildring av dei enkelte føremåla og omsynssonene, sjå kap. 4 oversikt over planframlegget.

### 2.2 Nasjonale føringar

På statleg nivå er det gjeve ei rekke signal om kva departementa ønskjer eller krev frå den kommunale planlegginga:

- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene (Retningslinjer med utfyllende kommentarer).
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

I tillegg diverse rettleiarar og stortingsmeldingar, sjå planprogrammet for meir uttømmende liste.

Føremålet med differensiert forvaltning av strandsonen er å ikkje leggje like strenge restriksjonar på strandsona i kommunar utan generelt arealpress. Askvoll kommune er i kategori 3 og har soleis det mildaste kravet til korleis strandsona skal forvaltast. Ein bør likevel unngå privatisering av område som vert nytta til almen sjøtilgang i dag eller som kan verte nytta til dette i framtida.

## 2.3 Regionale/ Fylkeskommunale føringar

På fylkeskommunalt nivå gjeld følgjande planar:

- Fylkesplanen 2005 – 2008: Veggen vidare for Sogn og Fjordane
- Fylkesdelplan for arealbruk
- Fylkesdelplan for klima og miljø og klimaarbeid i fylket.
- Fylkesdelplan for landbruk
- Regional plan for vasskraft
- Regional plan for vindkraft
- Fylkesplanmelding 2010
- Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010 – 2013
- Strategi for fylkeslandbruksstyret og fylkesmannen sitt arbeid med arealforvaltning og jordvern i Sogn og Fjordane



### 3 PLANPROSESS

#### 3.1 Organisering

Komit  for plan har vore styringsgruppe for planarbeidet. Dei har hatt ei rekke m te kor det har blitt diskutert og valt prinsipp / tema i planlegginga. Dei har soleis hatt f re seg planen mykje oftare enn berre den lovp lagte sakshandsaminga og arbeid konkret med innhaldet i planen.

Plandokumenta er utarbeida av konsulentfirma. Innspelsvurdering, konsekvensutgreiing og plandokument har fortl pande vore sendt kommuneadministrasjonen som har f relagt dei for styringsgruppa for tilbakemelding.

Administrasjonen ved bygg- og eigedomsavdelinga har vore plankonsulentens kontaktar i oppdraget, og bindeleddet mellom styringsgruppa og plankonsulent.

#### 3.2 Medverknad

Kommunen har konsentrert seg om ein krins av gongen under utarbeiding av planen. Det er halde eitt folkem te i kvar krins med informasjon om planarbeidet, der det er g tt igjennom korleis   fremje eit innspel. Som del av folkem ta har det ogs  kome fram innspel til arealforvaltninga som har blitt diskutert i styringsgruppa.

Det er kome inn i alt 138 arealinnspel som enkeltinnspel per post eller e-post. Nokre av innspela er samansett av fleire areal, det kan vere ein grunneigar som  nskjer fleire ting, eller det kan vere funksjonar som heng saman, til dømes fritidsbustad og sm b thamn. I tillegg 6 generelle innspel til orientering. I tillegg til dei ordin rt innkomne innspela har styringsgruppa supplert med 25 arealinnspel fr  folkem ta. Etter innspelsfristen er det starta opp arbeid med 4 nye reguleringsplanar. Ny arealbruk er konsekvensvurdert av kommunen og innarbeidd i plankarta. Styringsgruppa har i forkant av konsekvensutgreiinga forkasta 6 innspel, medan resten har blitt konsekvensutgreidd.

Vist saman med eksisterande areal fordeler innspela seg slik:

SUM HEILE KOMMUNEN	Eksisterande	Tal nye omr�de/innspel	Samla areal p� forslaga
Bygg og anlegg	931 daa	6	77.8 daa
Bustad	950 daa	31	2080.6 daa
Fritidsbustad	595 daa	24	1460.1 daa
Tenesteyting	117 daa	3	25.8 daa
Fritid-/turistf�rem�l	111 daa	10	213.6 daa
R�stoffutvinning	116 daa	6	149.5 daa
N�ring	306 daa	7	210.8 daa
Idrett	93 daa	1	73.4 daa
Naust	55 daa	8	15.3 daa
LNF spreidd generell	1208.7 daa <sup>1)</sup>	43	3920.4 daa
Sm�b�thamn	86 daa	12	137.5 daa
Akvakultur	17 stk	12	3764 daa

<sup>1)</sup> LNF-spreidd omr da fr  Bulandet /V erlandet blir teke med som innspel til ny plan.

## 4 PLANFRAMLEGGET

### 4.1 Hovudtrekk i føreslått arealbruk

Askvoll er ein kommune med lite press på areala, der den viktigaste målsettinga er å snu ei mangeårig negativ folketalsutvikling. Samfunnsdelen listar attraktive, raskt tilgjengelege bustadtomter i alle krinsar og sikring av areal for eksisterande og nye næringar som viktige virkemiddel i arealplanen.

Målsettinga gjer at kommunen både må vere liberal i høve til kva areal ein tillèt utbygging i, og gjerne ha ein større arealreserve enn det den reelle situasjonen tilseier. Samstundes kan ein ikkje gå på tvers av nasjonale målsettingar eller øydelegge andre kvalitetar kommunen forvaltar. Likeeins er det behov for god styring av arealbruken ikkje minst med tanke på at eit spreidd utbyggingsmønster er krevjande å drifte og kostnadsdrivande for kommunen.

I kommuneplanen skal ein ha areal som dekkjer behova i planperioden. Ein kan ha noko meir areal for å ha fleksibilitet i planen, men ikkje mykje meir då det vil gå ut over arealdelen sin funksjon som strategisk styringsverktøy. Å tenke strategisk rundt lokalisering av bustadar, fritidsbustadar, næring og andre funksjonar er med på å gjere kommunen økonomisk berekraftig og meir triveleg å bu i over tid. Har ein høve til å velje bør nye bustadfelt lokaliserast nær eksisterande bustadfelt, infrastruktur og tenestetilbod.

Bustadar siste 10 år:

Medan det i gjennomsnitt har vore nedgang i folketalet dei siste ti åra, er det også noko tilflytting i form av folk som flytter heim og folk som ønskjer å prøve-bu i kommunen. Det er ikkje alltid slik at dei som flytter inn i kommunen kan overta bustadane til dei som flytter ut. Det er difor trong for noko nytt bustadareal. Dei siste ti åra har det i snitt vore bygt 10 nye bustadeiningar pr. år i kommunen (98 einingar tatt i bruk i perioden 01.jan 2003 – 31.des 2012). Framskrive i planperioden tilseier det nesten ikkje behov for nye bustadfelt ut over LNF-område som er opna for spreidd bustadbygging. Det kan likevel vere behov og ønskje om utvidingar av eksisterande felt.

Fritidsbustadar siste 10 år:

Nokre bustadar blir nytta til fritidsbustad etter kvart som bustadane blir fråflytta. Dei siste ti åra er det i snitt bygt 4 nye fritidsbustadar pr. år (39 nye bygg tatt i bruk i perioden 01.jan 2004 – 31. des 2012). Det ligg ei vesentleg reserve i vedtekne planar, og desse er jamt fordelt på alle krinsane. Det er med det nokså avgrensa behov for nye areal, men det kan vere ønskje om å finne betre lokaliseringar enn dei vedtekne planane, og kommunen bør heller ikkje forfordelje enkelte grunneigarar med mindre ein kan påpeike objektive forskjellar i kor eigna dei ulike areala er. Det vert derfor opna for nye areal så lenge dei ikkje er konfliktfylte i høve til kriteria vurdert i konsekvensutgreiinga.

Ny arealbruk

Det er gitt innspel som svarar til meir enn dobling av fleire av arealføremåla til utbygging. Det er kome innspel om 2080 dekar bustadareal, mot 900 dekar eksisterande bustadareal.

Tilsvarande auke er kome innanfor andre kategoriar. Innanfor vedtekne reguleringsplanar ligg det ein stor arealreserve, mellom anna finst nokså store hyttefelt som ikkje er realiserte.

I planforslaget er det lagt til grunn at alle krinsane skal ha noko nytt byggeareal innanfor aktuelle arealkategoriar, i hovudsak bustader og fritidsbustader, men med utgangspunkt i at nye areal bør lokaliserast nær eksisterande grender og byggeområde.

Konsekvensutgreiinga skal sikre at planframlegget har låg konfliktgrad, og at arealplanen vert i tråd med kommunen sitt reelle behov i planperioden. På bakgrunn av konsekvensutgreiinga er mange av innspela redusert i arealomfang, omgjort til LNF-område for spreidd utbygging eller avvist. I alt er 26 innspel forkasta på grunnlag av konsekvensutgreiinga, medan 3 innspel er avvist med grunnlag i bandlegging for planlegging av Atløysambandet.

LNF-område for spreidd utbygging er nytta som arealkategori på mykje av arealet. Mange av innspela gjeld ønskje om mindre næringstiltak, område for bustadbygging, eller ønskje om bustadområde som har spreidd karakter. Desse områda er avgrensa og avsett til LNF-område for spreidd utbygging. Avgrensingane er gjort på bakgrunn av konsekvensutgreiing av innspela og gjennomgang i styringsgruppa.


Samla oversikt:

<b>SUM HEILE KOMMUNEN</b>	<b>Eksist. areal</b>	<b>Reserve</b>	<b>Tal innspel</b>	<b>Samla areal på forslaga</b>	<b>Tal nye omr.i planen</b>	<b>Areal nye område i planen</b>
1. Bygg og anlegg	932 daa	102.9 daa	6	77.8 daa	5	20 daa
1. Bustad	949 daa	245.3 daa	31	2080.6 daa	17	412 daa
1. Fritidsbustad	595 daa	488.6 daa	24	1444.3 daa	18	563 daa
1. Tenesteyting	117 daa		3	16.4 daa	2	15 daa
1. Fritid-/turistføremål	111 daa	112.6 daa	10	213.5 daa	5	44 daa
1. Råstoffutvinning	116 daa		5	149.5 daa	4	46 daa
1. Næring	306 daa	131.2 daa	7	210.8 daa	5	109 daa
1. Idrett	93 daa		1	73.4 daa	1	73 daa
1. Naust	55 daa	10.0 daa	8	15.3 daa	7	15 daa
5. LNF spreidd	0 daa <sup>1)</sup>		32	6925.4 daa	43	6031 daa
6. Småbåthamn	86 daa		11	137.5 daa	9	59 daa
6. Akvakultur	17 stk		11	281.3 daa	10	3630 daa


<sup>1)</sup> LNF-område for spreidd utbygging frå KDP Bulandet Værlandet er vurdert som innspel til ny plan.

Til saman ligg det i planforslaget 1300 dekar nytt byggeareal, og 6031 dekar med LNF der spreidd utbygging er tillate.


## 4.2 Eksisterende og nye bustadområde



I Fårdefjorden krins ligg eksisterande bustadfelt på Høgda og i Merkesvik. Elles ligg det spreidd bustader i Hestvika, Rørvika, Gjelsvika, Hegrenes, Flokenes og Nervika. Krinsen har skule og barnehage i Gjelsvik. I planen er det lagt ut to nye bustadfelt ved eksisterande bustadfelt på Høgda. I tillegg vert det lagt ut eitt nytt bustadområde på Hegreneset, eitt i Flokeneset og ei utviding av bustadfeltet i Merkesvika. I dei fleste områda der det i dag er busetnad med gardsbruk og spreidd bustader, vert arealet avsett til LNF spreidd-område med høve til å føre opp nokre få, nye bustader. Skuleområdet er òg utvida. Det er vist ein mogeleg trasé for framtidig gang- og sykkelveg langs fylkesvegen til skulen. Realisering kan ligge eit stykke fram i tid.




I Stongfjorden krins ligg hovudtyngda av busetnaden i Stongfjorden sentrum og eit stykke utover på begge sidene av fjorden. Barnehagen ligg i sentrum. I bustadfeltet i sentrum er det framleis nokre ledige tomter. Eitt nytt bustadområde er teke inn i planen som utviding på oversida av eksisterande bustadfelt. Elles er det avsett areal til LNF spreidd-område med høve til å føre opp nokre få, nye bustader på Yndestad, Stong og Stafsnes.




Grenda Holmedal har den største tyngda av bustadar i krinsen med same namn. Det ligg òg spreidd bustadar i Rivedal og langsmed fjorden frå Boge, Bakkeneset, forbi Vårdal og til Helle. Skule og barnehage ligg i Holmedal sentrum. I Holmedal er det nokre få tomter ledige i byggefelta. I planen er det teke inn bustadfelt i Rivedal og Bakkeneset. På Boge er det under arbeid reguleringsendring frå fritidshus til bustadhus. På strekninga mellom Vårdal og Helle, på Bakkeneset og på Blakkstad/Mork er det lagt ut areal til LNF spreidd utbygging.

Kommunesenteret Askvoll er den einaste tettstaden i kommunen. Barnehage ligg i sentrum, medan skulen ligg like utanfor sentrum. Det er lagt ut eit nytt bustadareal på Haugen, mot Askheia (B23), inntil eksisterande busetnad og nær skulen. Det er òg lagt ut eit område (B33) ovanfor skulen. Bedehuset på Ask er omdisponert til bustad. LNF spreidd med opning for bustadbygging er lagt inn på Olset, Nes, Straumen og Eimind. I Askvoll sentrum er det frå før opna for fleire nye leiligheitsbygg gjennom eksisterande og påbegynte reguleringsplanar. Det er òg mogeleg å fortette med enkelte bustadtomter innimellom eksisterande busetnad. Ein ønskjer òg å opne for høgare bygningar og større utnyttingsgrad i nokre delar av sentrum, ma. på oppsida av Øvregata.



Atløy har grender i Høyvika, Kumle/Sauesund og Herland, i tillegg til spreidd busetnad langs heile vegen mellom Gjerdvika, Sauesund og Vilnes. Skulen og barnehagen ligg i Sauesund. I eksisterande bustadområde på Herland er det mogeleg å byggje ut nokre tomter. Nye bustadareal er lagt inn i planen i Sauesund og på Herland. I tillegg er det opna for LNF spreidd bustad i Høyvika, på strekninga Gjerdvika – Sauesund, på Vilnes og Herland. På strekninga Grov – Vilnes er det bandlagt relativt store areal for å sikre at det ikkje oppstår konflikhtar iht. arealbehov til fastlandssamband til Atløy med framtidige tilkomstvegar og eventuell ferjekai. Når vegtraséen er fastlagt i framtidig kommunedelplan og reguleringsplan, vil det vere naturleg å opne for spreidd bustadbygging også på denne strekninga.




I Værlandet er eksisterande busetnad konsentrert til strekninga ferjekaia – Hamna og Kalvøy/Landøy. I Bulandet ligg busetnaden konsentrert i dei sentrale områda, med bustader, næring og andre føremål blanda. Skule og barnehage ligg på Halsøy i Bulandet.


Kommunedelplan for Bulandet og Værlandet vart vedteken i 2010. Planen la opp til å ta vare på det eksisterande busetnadmønsteret, med blanda byggjeformål i dei sentrale områda i Bulandet. Ein ønska ikkje fritidsbusetnad i områda med fast busetnad. Føremåla i kommunedelplanen er i hovudsak vidareført og omsett til å vere i samsvar med føremåla i ny planlov. Alle eksisterande område for byggeområde og spreidd busetnad er vidareført og noko utvida. Føresegna opnar for til saman 22 nye bustadar i LNF-spreidd-område i krinsen i løpet av planperioden.




### 4.3 Nye areal for fritidsbustad og småbåthamner. Fritid/turisme



I Førdefjorden er det 3 eksisterande hyttefelt. Feltet i Kobbeneiset er ferdig utbygd, men i Merkesvik og Ytre Vågane er ein stor del av tomtene ledige. Det er teke inn eit nytt areal til utviding av feltet på Kobbeneiset, og eit nytt areal ved Markavatnet (F3). Det er òg høve til oppføring av fritidshus i LNF-spreidd-områda Hestvika og Leknes.




I Stongfjorden er det to eksisterande hyttefelt, eitt i Dalen og eitt på Stafnsnes. Det er nokre få tomter att i begge. I planen er det teke med nye hytteområde i Holeyvik og eit i Grimelia (F9). Det er òg teke med mindre hytteområde på Mjåset, Yndestad, Stafnsnes og Størdal. I fjellet ved Langevatn er det teke med eit areal for hytter. Det er då snakk om mindre hytter, utan vegtilkomst og innlagt vatn/avløp.




I Holmedal krins er det til saman høvesvis mange ledige hyttetomter i felta Ripeneset og Vårdal/Vårneset, og i fjellet på Håland/Tveit. Av nye hytteområde er det teke med (som LNf spreidd) eit areal rundt Bakkevatnet I. Det er her snakk om mindre hytter utan vegtilkomst og innlagt vatn/avløp. I tillegg er det høve til å føre opp nokre få fritidshus i LNf spreidd-områda Vårdal og Blakkstad/Mork.

I Askvoll krins ligg det reserve i planen på Slok (frå 2009). Her er tillate oppføring av ni fritidsbustader. Elles er det lagt ut forslag til nytt hytteområde i Follevåg. Det blir opna for spreidd fritidsbustadar på Eimind og Lofheim.



På Atløy er det høvesvis store areal for fritidshus i Tevika, på Sellevoll/Grane og på Herland. Mykje av desse areala er ikkje utbygd. I planen er det lagt inn nokre nye, mindre areal til fritidshus i tilknytning til eksisterande hytteområde på Herland. Det er lagt opp til noko meir utbygging (fortetting) på Sellevoll. På Heggøy er det teke med areal til nokre få fritidshus som LNF spreidd-område.



I Bulandet og Værlandet er areala frå kommunedelplanen vedteken i 2010 vidareført i denne planen. Dette er byggeområde for fritidshus i Kleivavågen, Nordnessundet Stroka og Vardøy. Ingen av desse områda er utbygd enno, og det er difor ikkje grunnlag for å legge ut fleire nye hytteområde no.

I heile kommunen er det ei utvikling der bustadhus vert tekne i bruk som fritidshus, som oftast ved generasjonsskifte. Desse fritidsbustadene kjem i tillegg til dei areala som vert lagt ut til fritidshus i planen, og utviklinga er vanskeleg å styre. I planen er det lagt opp til at bygdesentrum og dei sentrumsnære områda skal nyttast til bustader, så kan heller fritidshus ligge i utkantane, helst som hyttefelt. Det er lagt vekt på å legge ut få område om gangen, slik at tilbod og etterspurnad ikkje vert så spreidd at det vert vanskeleg å realisere dei enkelte felta.

## 4.4 Næring og fritid/turisme

Samfunnsdelen peikar på behov for fleire arbeidsplassar i kommunen. Ein kan legge til rette mellom anna ved å ha tilgjengelege areal. Dersom eit større føretak skulle ønskje å lokalisere seg i Askvoll, vil ein måtte søkje areal til dette dels ut frå bedrifta sine lokaliseringspreferansar.

Det største næringsarealet i Askvoll kommune er Olsetvikane i Askvoll krins (165 dekar). Her er mykje ledig areal (120 dekar). Det ligg næringsareal i Holmedal (Helle fabrikk og Klausen Mekaniske), som er utbygd. I Stongfjorden sentrum er det utbygde og ubygde næringsareal med den nedlagte fabrikk og ein del areal langs sjøen. I Førdefjorden finst eit mindre areal ved butikken på Høgda. På Atløy er det eit større næringsareal i hamna på Herland. Mesteparten av det er utbygd. I Værlandet er det noko næringsareal i Hamna, og ved Bulandet fiskeindustri er eit høvesvis stort areal ledig. I Askvoll sentrum er det noko ledig areal for kontor, forretningar ol.. Butikkar og privat tenestetilbod finst i senterområda, flest i Askvoll. I tillegg er det etablerte bedrifter på mindre næringsareal fleire plassar i kommunen. I planen er det opna for mindre utvidingar av eksisterande verksemd, og for å gjere areal tilgjengeleg for eventuelle nyetableringar i kommunen, vert det lagt til rette for nytt næringsareal mellom Hestvika og Rørvika, i Rivedal og i Værlandet.

Det er i planen lagt ut noko areal for utleiehytter og campingplassar ol. som kan legge til rette for friluftsliv og turisme. Området i Vårdal er utvida. I Flokenes/Vikane og på Eimind er det opna for spreidd utbygging.

I mange av områda for LNF spreidd busetnad er det høve til oppføring av eitt eller fleire næringsbygg. Det er ikkje spesifisert kva næring det kan vere, men ein har på denne måten opna for at det er mogeleg å etablere mindre næringsverksemd, som av ulike grunnar ikkje høver å plassere i industriområde.

## 4.5 Andre føremål

### 4.5.1 Offentleg og privat tenesteyting

I planen er det lagt inn høve til utviding av Askvollheimen med omsorgsbustader eller institusjonsplassar. Det er òg teke med høve til utviding av Gjelsvik skule (større gymsal).

### 4.5.2 Råstoffutvinning

Gjennom reguleringsplan er det tidlegare opna for masseuttak i Værlandet. Det er teke inn i planen eitt nytt område for råstoffutvinning, på England på Atløy. Det er ei rekkje masseuttak i kommunen av ukjent alder og med ukjent uttaksmengde. Dersom det er ønskeleg med uttak til anna enn «husbruk» og over ei viss mengde i desse, må Direktoratet for mineralforvaltning gje driftskonsesjon, og kommunen må vedta reguleringsplan.

### 4.5.3 Idrettsanlegg og grav- og urnelundar

I planen er det lagt inn eksisterande anlegg med desse føremåla.

#### 4.5.4 Naust og sjøbuer

Det er opna for å bygge enkelte naust eller sjøbuer i ein del av LNF spreidd-områda i planen. I område for bygg og anlegg er det ikkje opna for oppføring av nye naust eller sjøbuer, med unntak av områda med underføremål naust. (Det er likevel mogeleg å utarbeide reguleringsplan som kan innehalde naustføremål). I planen er område med grupper av eksisterande naust og nausttomter sett av til føremål naust. Dette dreier seg i hovudsak om eldre naustrettar. I desse områda er det mogeleg å fortette/utvide noko.

#### 4.5.5 Vegar

I tillegg til dei eksisterande vegane i kommunen, er det teke med framtidig vegtrasé for Atløysambandet. Det skal utarbeidast kommunedelplan og reguleringsplan for veksambandet. Det er òg teke med ny vegtrasé i Holmedal, der vegen i dag har dårleg tilstand og ligg tett i tunet på Holmedal gard. I Værlandet er det teke med ny vegtrasé til Nordnessundet. Vegen går i dag nærare Hamna, er smal, og ikkje eigna til å handtere trafikken til sjøfuglsenteret, kroa, Værlandet Garnmontering og anna næring i Hamna, framtidig utbygging på Streten og nytt hyttefelt i Nordnessundet.

#### 4.5.6 Hamner

I plankartet er lagt inn eksisterande trafikkhamner, statlege fiskerihamner og hamner til andre næringsføremål.

#### 4.5.7 Sjøareal

Hovudlei og bilei er lagt inn i plankartet som føremål farlei med flate og linesymbol. Avgrensinga er henta frå Kystverket sin kartbase.

Eksisterande småbåthamner er lagt inn i planen. Nye småbåthamner er lagt ut i Flokeneset, Vågane, Grimelid, Hollevik, ved Ripeneset, Dørhella og Stroka.

Låssettingsplassar er lagt inn i plankartet som føremål fiske. Datagrunnlaget er henta frå Fiskeridirektoratet sin kartbase.

Som føremål akvakultur er lagt ut dei areala som var med i kommunedelplan for sjøområda (kystsonenplanen), vedteken i 1999. Inkludert i desse er lokalitetane som har oppdrettskonsesjon pr. i dag (stort sett laks). I tillegg er lagt inn i plankartet fleire lokalitetar der det tidlegare har vore gitt løyve til prøvedyrking av skjel eller konsesjon. Ut frå naturgitte tilhøve og krav om avstand mellom oppdrettsanlegg pga. smittefare, er det truleg få lokalitetar utanom dei som har konsesjon i dag som er aktuelle for fiskeoppdrett. Ein ser likevel føre seg at det er eit potensiale i oppdrett av andre artar, som skjel og tare, og det er sett av nokre lokalitetar spesielt med tanke på tareoppdrett.

På grunn av botntopografi har fleire oppdrettsanlegg med konsesjon fortøyingar som strekkjer seg langt ut frå sjølve anlegget. Nokre ligg òg på stadar med registrerte låssettingsplassar. Der oppdrettslokalitetane strekkjer seg inn i farleier eller låssettingsplassar, er det overlappende arealet avsett til kombinert føremål i planen.

## 4.6 Byggjegranser

I rammeplan 2013-2016 for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesveggar i Region vest er byggjegransa langs fylkesvegane 608 frå Askvoll til Ringstad og 609 frå Ringstad til Dalsfjordbrua sett til 50m. Gjennom dei bygde områda i Askvoll og Holmedal vil ei så stor byggjegrænse føre til at det ikkje vert mogeleg å byggje i området i det heile, når ein tek omsyn til at det òg er byggjegrænse langs sjø, dyrka mark og ulike andre tilhøve ein må ta omsyn til. På nokre av desse strekningane er det ønskjeleg å få gang- og sykkelveg, og det må vere nok areal til å sikre det. I Askvoll sentrum og Holmedal sentrum er det allereie reguleringsplanar som set mykje mindre byggjegrænse enn 50m. I samsvar med det, har ein valt å sette byggjegrænse 20m på eksisterande og nye byggjeområde i Askvoll sentrum, i Holmedal sentrum og i eit nytt byggjefelt i Rivedal. I Stongfjorden sentrum er byggjegransa i rammeplanen 15m. På ei kort strekning ligg dei bygde eigedomane ganske tett inntil vegen, og det vil ikkje vere mogeleg å gjere tiltak her med ei slik byggjegrænse. Statens vegvesen ønskjer å vurdere tiltaka i kvart einskild tilfelle som dispensasjonssak, og i arealdelen er difor byggjegransa likevel sett til 15m i samsvar med rammeplanen.

Byggjegrænse langs sjø er i utgangspunktet 100m, jfr. pbl §1-8. I planen er det teke inn at nødvendige tiltak for landbruk er lov i 100m-beltet. I byggjeområde er byggjegransa 100m, men dette kan vurderast ved utarbeiding av reguleringsplan for eit område. I fleire av LNF-spreidd-områda er det sett ei byggjegrænse som er mindre enn 100m, ut frå ei konkret vurdering:

Hestvika: Potensiell rasfare og byggjegrænse langs fylkesveg avgrensar tilgjengeleg byggjeareal. Det ligg busetnad på sjøsida av fylkesvegen frå før.

Flokenes: Det ligg allereie busetnad nærare sjøen enn 100m. I tillegg ligg kommunale vegar mellom busetnad og sjøen.

Flokenes/Vikane: Ny busetnad vert liggande bak eksisterande utleigeeiningar iht. sjøen.

Yndestad: Arealet går bratt opp frå sjøen, og er lite tilgjengeleg for allmenta pga. omkringliggande tomter og dyrka mark. Med mindre byggjegrænse vil det vere rom for betre utnytting og landskapstilpassing på arealet.

Stang: Det er bratt opp frå sjøen, og bygging fram på «kanten» vil ikkje vere i konflikt med friluftinteressar/allmenne interessar. Bygging her vil òg gjere at ein unngår konflikt med omsyn til dyrka mark som ligg opp mot fylkesvegen.

Stafsnes: Byggjegrænse langs fylkesveg avgrensar tilgjengeleg byggjeareal. Det er stor høgdeskilnad frå sjøen og opp til aktuelt byggjeareal.

Bakkeneset: Byggjegrænse langs fylkesveg avgrensar tilgjengeleg byggjeareal. Det er stor høgdeskilnad frå sjøen og opp til aktuelt byggjeareal.

Vårdal: Tilgjengeleg byggjeareal er avgrensa av byggjegrænse mot fylkesveg og dyrka mark. Det er allereie noko busetnad nær sjøen.

Eimind: Det er allereie busetnad nær sjøen. Det er ikkje ønskjeleg å byggje lengre frå sjøen, då ein kjem inn på dyrka mark.



Heggøy: Dersom det skal vere mogeleg å byggje på øya, må det vere nærare sjøen enn 100m.

Høyvik: Det er allereie eksisterande busetnad heilt ned mot sjøen.

Sellevoll: Området er i stor grad utbygd på oppsida av fylkesvegen, men ikkje på nedsida.

Gjervik-Kumle: Det er lite areal tilgjengeleg på oppsida av fylkesvegen. Det ligg dyrka mark på både oppsida og nedsida av fylkesvegen, som ikkje bør byggjast på. I bakkane ned mot sjøen er det areal som kan byggjast ut utan å vere i konflikt med dyrka mark eller allmenne interesser.

Vilnes-Nærvika: Strandlina er for det meste allereie bygd ut med naust mm..

Nybø: Det er ønskjeleg å byggje ut i samsvar med eksisterande busetnadsmønster.

Hamna nord: Det er ønskjeleg å byggje ut i samsvar med eksisterande busetnadsmønster.

Kalvøy: Det er ønskjeleg å byggje ut i samsvar med eksisterande busetnadsmønster.

Landøy: Det er ønskjeleg å byggje ut i samsvar med eksisterande busetnadsmønster.

Melvær nord: Det er ønskjeleg å legge ny busetnad i tilknytning til eksisterande busetnad.

Bjørnøy: Dersom det skal vere mogeleg å byggje på øya, må det vere nærare sjøen enn 100m. Det er mest aktuelt å byggje sjøbu/næringsbygg i strandkanten pga. ver- og vindtilhøve.

Gjørøy: Det er ønskjeleg å byggje ut i samsvar med eksisterande busetnadsmønster. Dersom det skal vere mogeleg å byggje på øya, må det vere nærare sjøen enn 100m.

Bumannsneset: Det er ønskjeleg å byggje ut i samsvar med eksisterande busetnadsmønster. Dersom det skal vere mogeleg å byggje på øya, må det vere nærare sjøen enn 100m. Det ligg allereie busetnad heilt i strandkanten.

Gjelsa: Det er ønskjeleg å byggje ut i samsvar med eksisterande busetnadsmønster. Dersom det skal vere mogeleg å byggje på øya, må det vere nærare sjøen enn 100m. Det ligg allereie busetnad heilt i strandkanten.

Sandøy: Det er ønskjeleg å byggje ut i samsvar med eksisterande busetnadsmønster. Dersom det skal vere mogeleg å byggje på øya, må det vere nærare sjøen enn 100m. Det ligg allereie busetnad heilt i strandkanten.


## 4.7 Omsynssoner



Det er lagt inn omsynssoner etter plan- og bygningslova §11-8 i plankartet. Omsynssonene viser viktige omsyn og interesser som gir avgrensingar for arealbruken, eller gir andre føringar for korleis arealet kan nyttast. Omsynssonene i plankartet er ikkje uttømmende for kva omsyn ein må vurdere i vidare sakshandsaming. Til omsynssonene er det gitt føresegnar eller retningslinjer.

### 4.7.1 H110 – Sikringszone

Koden er nytta for nedslagsfelt til drikkevatt.

Kode	Gjeld nedslagsfelt
H110_1	Førdefjorden, ovanfor Kvammen/Høgda
H110_2	Rivedalsvassdraget
H110_3	Stongfjorden
H110_4	Holmedal, Nyksvatn
H110_5	Atløy, Laukelandsvatnet
H110_6	Værlandet
H110_7	Bulandet, Langøy
H110_8	Bulandet, Søre Gjørøy
H110_9	Bulandet, Hillersøy





## 4.7.2 H210– Støysone


Avgrønsingar basert på manuskart frå støyutgreiingar.



Kode	Stad
H210_1	Skytebane, Helleset, Holmedal
H210_2	Leirduebane, Skorva, Førdefjorden

## 4.7.3 H310 – Ras- og skredfare

Skred- og rasfare er ikkje kartlagt i detalj i kommunen. 3 område er kartlagt i samband med kommunedelplanarbeid (Askvoll, Askheia vest, Presteelva). Aktsemdområde for Snø- og steinsskred frå NGI er nytta der det er kartlag aust i kommunen. Der denne kartlegginga ikkje finst er det nytta aktsemdområde for steinsprang og for snøskred frå nyare, grovare kartlegging. Jord- og flaumskred er henta inn for heile kommunen. Dataene er henta frå [www.skredatlas.no](http://www.skredatlas.no) og visast som faresone H310 i plankartet.

Det er også utarbeidd aktsemdområde for kvikkleireskred. Dette er gjort med utgangspunkt i metode skildra i NVE rettleiar 2014/7. Metoden går ut på at ein nyttar lausmassekategoriseringa som ligg på NVE Atlas og vel ut alle område som ligg nedanfor marin grense og samstundes er i ein kategori der det er sannsyn for funn av kvikkleire. Kategoriane finst i rettleiar 2011/17. Etter desse områda er identifisert er det lagt til utløpsområde ned mot sjø der det har vore aktuelt. Metoden er grovmaske, men konservativ; Det er truleg langt mindre område der kvikkleireskred er ein reell trussel, men på grunn av den store konsekvensen dersom det først skulle førekomme er det krav om å vere føre var. Identifiserte område er vist i karta nedanfor:






Dei områda som vert liggande i faresone bør undersøkast nærare av geolog før utbygging kan finne stad.

#### 4.7.4 H320 – Flaumfare

Kommunen har få vassdrag med topografi som gir risiko for flaum utover elveløpet. Det er vist faresone H320 for Baden i Stongfjorden og for Presteelva i Askvoll. For elvar og bekkar elles er det gitt generell byggjegrænse i føresegnene.



Figur 1: Baden i Stongfjorden



Figur 2: Prestelva i Askvoll

#### 4.7.5 H370 –Høgspenningsanlegg

Etter anvisning frå NVE er det berre sentral- og regionalnett slik det er vist i NVE sin kartløyning som har fått faresone i kartet. Regionalnett går i line frå Naustdal sør til Holmedal og vest til Askvoll. Det er lagt ein 50m buffer ut frå senterline på regionalnettet. Lokale liner er vist som line i kartet.

#### 4.7.6 H390 – Ureina grunn

Kommunen har 5 registrerte lokalitetar med avfallsdeponi med mistanke om forureining, der 1 er undersøkt og registrert med ureina grunn. Lokaliteten er vist som faresone H390 (Stongfjorden).




Figur 3: Registrert ureina grunn i Stongfjorden



#### 4.7.7 H510 – omsynssone landbruk

Avgrensing av omsynssoner for landbruk er basert på manuskart for kjerneområde landbruk utarbeidd av kommunen.

Kode	Stad
H510_1	Kvammen, Førdefjorden
H510_2	Gjelsvik, Førdefjorden
H510_3	Selvik, Førdefjorden
H510_4	Hegreneset, Førdefjorden
H510_5	Hegreneset, Førdefjorden
H510_6	Osland, Stongfjorden
H510_7	Yndestad, Stongfjorden
H510_8	Fauskevika, Stongfjorden
H510_9	Vindheim, Rivedal, Holmedal
H510_10	Fossheim /Rivedal, Holmedal
H510_11	Holmedal, Holmedal
H510_12	Vårdal, Holmedal
H510_13	Helleset, Askvoll
H510_14	Olset, Askvoll
H510_15	Ask, Askvoll
H510_16	Fristad, Askvoll
H510_17	Eidmind, Askvoll
H510_18	Leirvåg, Atløy
H510_19	Leirvåg, Atløy







#### 4.7.8 H530 – omsynssone friluftsliv

	Område	Verdi
H530_1	Tviberg	Statlig sikra
H530_2	Alden	Regional verdi
H530_3	Badeplass Øyravatnet	

#### 4.7.9 H560 – omsynssone naturmiljø

Til grunn for omsynssone naturmiljø ligg kartlegging av naturtypar i viktige og svært viktige område (A- og B-verdi) i Naturbase (Direktoratet for naturforvaltning). I tillegg er det lagt inn nokre C-verdiområde der desse er i nærleiken av aktuelle byggjeområde. I sjø er gyte- og oppvekstområde for fisk lagt i denne omsynssona.

Ikkje alle registrerte naturtypelokalitetar er lagt inn i Naturbase enno. Det gjeld til dømes ein del område frå *Kystblåstjernekartlegginga* (2006). Område som manglar derfrå i høve til Naturbase er digitaliserte og henta inn i plankartet.

Naturbase-kategorien *Utvalte naturtypar – Slåttemark* finst 4 plassar i kommunen og er del av naturtypekartlegginga. *Utvalte naturtypar – Kystlynghei* (dvs. A- og B-lokalitetar av kystlynghei) finst 5 plassar i kommunen. Av omsyn til lesbarheita i plankartet er ikkje desse områda merkt særskilt.



Område verna etter Naturvernlova/Naturmangfaldlova er naturreservat vist som bandleggingssone H720.



	NaturtypeID	Stad	Verdi	Omtale
H560_1	BN 00025855	Sagevatnet sørside	B	Nordvendt kystberg og blokkmark
H560_2	BN 00035682	Lauvvika/Kvammen	B	Israndavsetninger
H560_3	BN 00025809	Gjelsvik	B	Slåttemark <b>(NB! Utvalt NT)</b>
H560_4	BN 00025808	Selvik	A	Nordvendte kystberg og blokkmark
H560_5	BN 00025869	Oslandsbotnen	B	Naturbeitemark
H560_6	BN 00025846	Osland	B	Naturbeitemark
H560_7	BN 00025803	Stong-Øyrane	B	Naturbeitemark
H560_8		Stong	C	Gammel fattig edellauvskog
H560_9	BN 00025844	Stong	B	Hagemark
H560_10	BN 00025845	Eineskora-Svarthamrane	B	Rik edellauvskog
H560_11	BN 00025796	Fauskevik	A	Rik edellauvskog
H560_12	BN 00025851	Unneset	A	Rik edellauvskog
H560_13	BN 00025857	Helleberget	A	Rik edellauvskog
H560_14	BN 00025795	Eikenes	B	Hagemark
H560_15	BN 00025813	Vårdalsnes	B	Dam
H560_16	BN 00036049	Vårdalsnes	B	Israndavsetninger
H560_17	BN 00025847	Løykene	B	Intakte lavlandsmyrer
H560_18	BN 00025848	Eidsfjorden austside	A	Naturbeitemark
H560_19	BN 00025866	Norddalen	A	Naturbeitemark
H560_20	BN 00025801	Søreidet	B	Hagemark
H560_21	BN 00025815	Hellestrand	B	Rik sumpskog



H560_22	BN 00025806	Eidmind søndre	A	Nordvendt kystberg og blokkmark
H560_23	BN 00025861	Slettebrekka	B	Rik edellauvskog
H560_24	BN 00025863	Røysheim NØ	B	Rik sumpskog
H560_25	BN 00025788	Seljevoll, Høyvik	B	Hagemark
H560_26	BN 00025807	Høyvik	B	Nordvendte kystberg og blokkmark
H560_27	BN 00025819	Fridalen	B	Kalkrike områder i fjellet
H560_28	BN 00025859	Leirvåg	B	Rik edellauvskog
H560_29	BN 00025860	Hovden- Rindane	A	Kystlynghei <b>(NB! Utvalt NT)</b>
H560_30	BN 00025804	Hovden vestsida	A	Sørvendte berg og rasmarker
H560_31	BN 00025818	Husefjellet	B	Kystlynghei <b>(NB! Utvalt NT)</b>
H560_32	BN 00025816	Vilnesvågen	A	Nordvendte berg og blokkmark
H560_33	BN 00025817	Vilnes	A	Slåttemark <b>(NB! Utvalt NT)</b>
H560_34	BN 00025789	Laukeland	B	Rik edellauvskog
H560_35	BN 00025820	Laukeland	B	Naturbeitemark
H560_36	BN 00025867	Løshaugen – Remma	A	Naturbeitemark
H560_37	BN 00025791	Herland	B	Rikt strandberg
H560_38	BN 00025800	Brurastakken	A	Kystlynghei <b>(NB! Utvalt NT)</b>
H560_39	BN 00025799	Skarvikhamrane	A	Sørvendte berg og rasmarker
H560_40	BN 00025793	Alden sørsida	A	Naturbeitemark + kystblåstjernelokaliteter B-verdi
H560_41	BN 00025833	Sørværet naturreservat	A	Intakte lavlandsmyrer
H560_42	BN 00025839	Nybø /Kleiva	A	Naturbeitemark + avgrensa kystblåstjernelokaliteter Kleiva, Nybø og Ferjeleiet nord
H560_43	BN 00025831	Kleiva	A	Naturbeitemark + kystblåstjernelokalitet
H560_44	BN 00025830	Kleiva N	A	Naturbeitemark + kystblåstjernelokalitet Kleiva nord
H560_45		Gåsevannet aust	A	Kystblåstjernelokalitet
H560_46		Værøy	A	Kystblåstjernelokalitet
H560_47	BN 00025836	Hamna, Værøy	A	Slåttemark <b>(NB! Utvalt NT)</b>
H560_48	BN 00025835	Hamnaholmen	A	Rikt strandberg + kystblåstjernelokalitet
H560_49	BN 00025837	Gåsevatnet vest	A	Naturbeitemark B-verdi + kystblåstjerne A-verdi
H560_50	BN 00025829	Duevatnet – Rånane	B	Kystlynghei <b>(NB! Utvalt NT)</b> + avgrensa blåstjernelokalitet (aust for Båtkletten)
H560_51	BN 00025840	Kalvøyna	A	Naturbeitemark + kystblåstjerne
H560_52	BN 00025841	Vågen – Landøyna	A	Naturbeitemark + kystblåstjerne

H560_53	BN 00025842	Pervågen- Landøyna	A	Naturbeitemark + kystblåstjerne
H560_54		Melværkletten	A	Kystblåstjernelokalitet
H560_55		Melværvågen nord	A	Kystblåstjernelokalitet
H560_56		Melvær sørvest	B	Kystblåstjernelokalitet
H560_57		Brattholmen, Melvær	B	Kystblåstjernelokalitet
H560_58		Gjørøynes	B	Kystblåstjernelokalitet
H560_59		Gjørøynes	A	Kystblåstjernelokalitet
H560_60	BN 00025822	Gjørøy	A	Naturbeitemark + kystblåstjerne
H560_61		Kvatane	A	Kystblåstjernelokalitet
H560_62	BN 00025823	Hågøyna	A	Naturbeitemark + kystblåstjernelokaliteter Hågøy og Bumannsneset.
H560_63		Nord-Gjelsa	A	Kystblåstjernelokalitet
H560_64	BN 00025824	Gjelsa	A	Naturbeitemark + kystblåstjernelokalitet
H560_65		Gjelsa sørøst	B	Kystblåstjernelokalitet
H560_66		Grisholmen	A	Kystblåstjernelokalitet
H560_67	BN 00025828	Fedøy	A	Naturbeitemark + kystblåstjernelokalitet
H560_68		Litle Nikøy	B	Kystblåstjernelokalitet
H560_69	BN 00025825	Nikøy	A	Naturbeitemark + kystblåstjernelokalitet
H560_70	BN 00025826	Kjempeneset	A	Naturbeitemark + kystblåstjernelokalitet
H560_71	BN 00025827	Hellersøyna	A	Naturbeitemark + kystblåstjernelokalitet
H560_72		Vadøy	B	Kystblåstjernelokalitet
H560_73		Kasteholmen	A	Kystblåstjernelokalitet
H560_74		Tistelen	B	Kystblåstjernelokalitet
H560_75	BN 00025811	Middagsholmen	A	Naturbeitemark + kystblåstjernelokalitet
H560_76	BN 00025812	Halsøy	A	Naturbeitemark + kystblåstjernelokalitet
H560_77		Klovøyna	B	Kystblåstjernelokalitet
H560_78		Kvaløy	A	Kystblåstjernelokalitet
H560_79		Grisholmen	B	Kystblåstjernelokalitet
H560_80		Store Lyngholmen	B	Kystblåstjernelokalitet
H560_81		Sinholmen	A	Kystblåstjernelokalitet
H560_82	BN 00025810	Sandøyna	A	Slåttemark <b>(NB! Utvalt NT)</b> + kystblåstjernelokalitet
H560_83		Tussenga	B	Kystblåstjernelokalitet
H560_84		Store Mågøy	A	Kystblåstjernelokalitet
	BN 00025864	Tvibyrgje	B	Kystlynghei <b>(NB! Utvalt NT)</b>

H560\_85 – 92 er C-verdiområde frå Naturbase, og H560\_100 og oppover er Gyteområder, og oppvekst – beiteområder, slik dei er vist i Fiskeridirektoratet sin kartløyning (31 område).









#### 4.7.10 H570 – Omsynssone kulturmiljø



Kulturmiljø er digitalisert frå administrativt utarbeida forslag til kulturmiljø som skal inn som omsynssoner i planen.


Omsynssone nr	Områdenamn
H570_1	Hegrenes
H570_2	Stavenes
H570_3	Saesund – Grov – Leirvåg
H570_4	Gruveanlegg Grimelid
H570_5	Gardsanlegg Fjeldet
H570_6	Stongfjorden industriminne
H570_7	Trollefossen ullvarefabrikk, Holmedal
H570_8	Bualoft Indre Håland, Holmedal
H570_9	Gardsanlegg Nedre Tveit, Holmedal
H570_10	Stølsanlegg Tveit-Hålandstølen, Holmedal
H570_12	Husmannsplass Sellevoll, Høyvika, Atløy
H570_13	Alden målepunkt
H570_15	Kvammen kapell
H570_16	Stongfjorden kapell
H570_17	Holmedal kyrkje
H570_18	Askvoll kyrkje
H570_19	Vilnes kyrkje
H570_20	Værlandet kapell
H570_21	Bulandet kapell
H570_22	Fossedalen
H570_23	Kyrkjebakken, Askvoll
H570_24	Tviberg

Kulturmiljøet i Hamna (Værlandet) er vist som område med særskilte føresegner og merka #1 ("bestemmelsessone").









#### 4.7.11 H710 - Område bandlagt for regulering

Gjeld Atløysambandet der ein må avklare trase før ein kan vurdere annan arealbruk og utbygging. Eigen KDP må ta opp til vurdering tilgrensande arealbruk.


	<b>Bandleggingsformål</b>	
H710_1	Atløysambandet	

#### 4.7.12 H720 – Bandlagt etter naturvernlova

Bandlegginga gjeld naturreservat, avgrensingar er henta frå Fylkesatlas:

<b>Omsynssone nr</b>	<b>VernelD</b>	<b>Naturreservat namn</b>
H720_1	VV00002823	Steiehalsen
H720_2	VV00001275	Askvika
H720_3	VV00001285	Prestøy
H720_4	VV00001276	Flatøy
H720_5	VV00001284	Kvannholmen
H720_6	VV00001316	Krokholmen
H720_7	VV00001307	Smelvær
H720_8	VV00001315	Raudøy
H720_9	VV00001308	Kuøyna
H720_10	VV00001311	Senholmen
H720_11	VV00001313	Kvitingane
H720_12	VV00001313	Kvitingane
H720_13	VV00001314	Bunesholmane
H720_14	VV00001312	Skardholmen

H720_15	VV00001309	Moldvær
H720_16	VV00001283	Sørværet
H720_17	VV00001282	Svarteskjæret
H720_18	VV00001376	Ryggsteinen
H720_19	VV00001310	Håsteinen







#### 4.7.13 H730 – Bandlagt etter kulturminnelova



Gjeld automatisk freda kulturminne- og vedtaksfreda kulturminneområde. Punktregistreringar er merka rune-R i plankartet.

	KulturminneID	Stad	Omtale
H730_1	A 016059	Sjøhågjen, Rørvik	Gravminne
H730_2	A 045717	Hegrenes	Gravminne
H730_3	A 016056	Vardflata, Hegrenes	Gravfelt
H730_4	A 016055	Litlenes, Hegrenes	Gravfelt
H730_5	A 025749	Litlenes, Hegrenes	Gravminne
H730_6	A 055427	Tangen, Hegrenes	Gravminne
H730_7	A 107852	Kobbenes	Bosetning - aktivitetsområde
H730_8	A 141055	Stong	Dyrkingsspor
H730_9	A 141050	Stong	Dyrkingsspor
H730_10	A 060452	Døsurda, Yndestad	Gravminne
H730_11	A 025760	Klungrehågjen, Yndestad	Gravminne
H730_12	A 036143	Unneset	Bergkunst


H730_13	A 139471	Unneset	Bosetning - aktivitetsområde
H730_14	A 141281	Unneset	Bosetning - aktivitetsområde
H730_15	A 045724	Råneset	Gravfelt
H730_16	A 036141	Råneset	Bergkunst
H730_17	A 016063	Råneset	Gravfelt
H730_18	A 066692	Råneset	Gravfelt
H730_19	A 025754	Råneset	Gravminne
H730_20	A 060451	Råneset	Gravminne
H730_21	A 025756	Råneset	Gravfelt
H730_22	A 045720	Korsneset	Gravminne
H730_23		Statue Rivedal	
H730_24	A 140678	Bakkeneset	Bosetning - aktivitetsområde
H730_25	A 140671 og -73	Bakkeneset	Bosetning - aktivitetsområde
H730_26	A 006301	Storåkeren, Holmedal	Gravminne
H730_27	A 045813	Langvollane, Holmedal	Gravminne
H730_28	84605	Holmedal kyrkje	Kyrkjestad
H730_29	A 107888	Ytre Vårdal	Bosetning - aktivitetsområde
H730_30	A 006676	Ringstad	Gravfelt
H730_31	A 045722	Vardehaugen, Borgja	Gravfelt
H730_32	A 055430	Langeneset	Gravfelt
H730_33	83802	Askvoll	Kyrkjestad
H730_34	A 066684	Askvoll	Gravminne
H730_35	A 060448 og 036139	Sandvika	Gravminne / gravfelt
H730_36	A 055423	Prestøy	Gravminne
H730_37	A 016054	Sauesundøy	Gravminne
H730_38	A 006673	Langeneset	Gravminne
H730_39	A 025747	Langeneset	Bosetning - aktivitetsområde
H730_40	A 036136	Langeneset	Gravminne
H730_41	A 025748	Langeneset	Gravminne
H730_42	A 060444	Grovaholmen	Gravminne
H730_43	A 055429	Leirvågneset	Bergkunst
H730_44	A 066689	Leirvåg	Bergkunst
H730_45	A 006674	Ytste Naustvikja	Gravfelt
H730_46	A 055428	Leirvåg	Bergkunst
H730_47	A 105219	Leirvåg	Bergkunst
H730_48	A 066694 og 85848	Vilnes	Bautastein og kyrkjelokalitet
H730_49	A 025753	Trevollhamaren	Steinbrudd
H730_50	87386	Geita	Fyrstasjon
H730_51	A 036131	Alden	Gravminne
H730_52	A 006668	Alden	Gravminne
H730_53	A 036132	Rokvika, Alden	Gravminne
H730_54	A 006670	Storenes, Alden	Gravminne
H730_55	A 006669	Storenes, Alden	Gravminne














#### 4.7.14 H740 – Bandlagt etter anna lovverk

Gjeld i hovudsak vasskraft (oppdemte vatn og konsesjonssøknadar), i tillegg til 1 lokalitet for Forsvaret og 2 nasjonale laksefjodar:

	<b>Stad</b>	<b>Bandlegging / omtale</b>
H740_1	Bjørnastigvatnet	Vasskraft
H740_2	Markavatnet	Vasskraft
H740_3	Øyrvatnet	Vasskraft
H740_4	Svædvatnet	Vasskraft
H740_5	Botnastølsvatnet	Vasskraft
H740_6	Stongsvatnet	Drikkevatt + Vasskraft
H740_7	Værøy	Forsvaret
H740_8	Dalsfjorden	Nasjonal laksefjord
H740_9	Førdefjorden	Nasjonal laksefjord
H740_10	Storelva (Laukeland)	Verna vassdrag
H740_21	Rørvik	Konsesjonssøknad vasskraft
H740_22	Rørvik	Konsesjonssøknad vasskraft
H740_23	Rivedalselva	Konsesjonssøknad vasskraft
H740_24	Bakkeelva, Holmedal	Konsesjonssøknad vasskraft
H740_25	Austre Kvernhusvatn	Vasskraft





#### 4.7.15 H910 – Reguleringsplanar som framleis skal gjelde

Basert på liste frå styringsgruppa for planarbeidet og gjeldande reguleringsplanar. Avgrensingar for reguleringsplanar som skal gjelde er digitalisert og vist i alle krinsane utanom Bulandet / Værlandet.

Krins	Plannr	Plannamn	Hovudformål	Areal
Førdefjorden	2005003	RP Kobbeneset	Hytte	56.6 daa
Førdefjorden	1988001	RP Merkesvik	Hytte	335.0 daa
Førdefjorden	1982001	RP Ålahøgda V	Bustad	18.5 daa
Førdefjorden	1433 20070035	RP Engebøfjellet	Sjødeponi	756.1 daa
Førdefjorden	2005001	RP Ytre Vågene	Hytte	98.6 daa
Førdefjorden	1999002	RP Stavestrand	Utleiehytte	77.0 daa
Førdefjorden	2014004	RP Skorva Leirduebane	Leirduebane	69.3 daa
Stongfjorden	2009001	RP Dalen	Hytte	11.3 daa
Stongfjorden	2013004	RP Stongfj Settefisk	Akvakultur	87.5 daa
Stongfjorden	1991001	Rp Stongfjorden	Tettstad	87.0 daa
Stongfjorden	2006002	Rp Størdalsurene/Stafnesurane	Rassikring Fv609	16.5 daa
Stongfjorden	2013001	Rp Stafsnes	Hytte+leilegheit	49.0 daa
Holmedal	2008002	RP Dalsfjordbrua	Veg	56.0 daa
Holmedal	2008002	RP Dalsfjordbrua	Veg	195.8 daa
Holmedal	2008002	RP Dalsfjordbrua	Veg	40.8 daa
<i>*Holmedal</i>	<i>2010001</i>	<i>RP Dalsfjbru-massedep</i>	<i>Deponi</i>	<i>78.5 daa</i>
Holmedal	2006001	RP Ripenes endr.	Hytte	113.7 daa
<i>*Holmedal</i>	<i>2011001</i>	<i>RP Bogeвика</i>	<i>hytte- og bustad</i>	<i>33.1 daa</i>
Holmedal	1996002	RP Håland/Tveit	Hytte	47.6 daa
Holmedal	1998002	RP Holmedal P	Sentrum	13.5 daa
Holmedal	2000001	RP Holmedal Tufta	Bustad	14.3 daa
Holmedal	2014002	RP Veg Holmedal	Veg	15.6 daa
Holmedal	2013006	RP Helleset skytebane	Skytebane	49.6 daa
Holmedal	1983002	RP Indre Vårdal	Bustad	19.2 daa
Holmedal	2009002	RP Vårdalsneset	Div	199.7 daa
Holmedal	1980001	RP Hellegjerdet	Bustad	26.1 daa
Holmedal	1993001	RP Helle	Industri, veg	55.0 daa
Askvoll	1989001	Rp G/S-veg Kleiva - Askvoll skule	Gang- og sykkelveg	15.8 daa
Askvoll	2009003	Rp Slok	Hytte	31.2 daa
Askvoll	1997003	Rp Røyset fortett	Bustad	20.5 daa
Askvoll	2013011	Rp Røyset bustad	Bustad	6.9 daa
Askvoll	2006003	Rp Gml Askvoll sentr	Div	12.1 daa

Askvoll	2011002	Rp Pitterbutomta	Næring/bustad	2.1 daa
Askvoll	2008001	Rp Sentr 22_185 endr	kombinert	2.9 daa
Askvoll	2007002	Rp Ferjekai	Ferjekai	31.7 daa
Askvoll	2005002	Rp sentr småbåthamn	Småbåthamn	7.6 daa
Askvoll	2003002	Rp Askvoll brygge	Kombinert	6.4 daa
Askvoll		Up Korseberget	Naust	7.9 daa
Askvoll	1999003	Rp endr sentr MB8-F3	Sentrumsgarden	2.0 daa
Askvoll	1996001	Rp Askvoll 96		35.2 daa
Askvoll	1996001	Rp Askvoll 96		26.2 daa
Askvoll	2007003	Tilkomst_22/27_97	Avkjørsel	3.7 daa
Askvoll	2002001	Rp endr Askv Øv. gs	bustad, gs	40.7 daa
Askvoll	1978001	Rp Storehaugen sør	Bustad	64.2 daa
Askvoll	1987001	Rp Storehaugen sør - endring	Bustadfelt	
Askvoll	1990001	Rp Storehaugen del 2, endr	Bustad	28.9 daa
Askvoll	2006005	Rp Askv kyrkjegard	Kyrkjegard	13.7 daa
Askvoll	2009004	Rp Presteg. småbåthamn	Småbåthamn	18.4 daa
Askvoll	1992001	Rp Ask del av 24/5	Bustad	23.7 daa
Askvoll	1984001	Rp Olsetvikane	Industri	210.4 daa
Askvoll	2000002	Rp Olsetvikane endr	Industrikai	27.5 daa
Askvoll	1981001	Rp Dørhella	Bustad	25.9 daa
Askvoll	UP	Utbyggingsplan for Askvoll brygge	Askvoll Brygge	
Atløy	1997004	Rp Sauesund	Bustad	42.6 daa
Atløy	1997002	Rp Grov Nedre endr	Samfunn, jordbr	41.6 daa
Atløy	2013010	Rp Grov	Reiseliv, fritidshus	33.6 daa
Atløy	2004003	Rp Bjørnneset	Bustad+fritidsb.	25.9 daa
Atløy	2003003	Rp Bjørnneset sør	Hytte	9.7 daa
Atløy	2002002	Rp Herland	Hytte	25.5 daa
Atløy	2000003	Rp Norheim 56_11	Hytte	14.0 daa
Atløy	2007001	Rp Norheim 56_124 endr	Hytte	88.9 daa
Atløy	1999001	Rp Grane	Hytte	50.0 daa
Atløy	2004002	Rp Høyvika	Bustad	32.1 daa
Atløy	2014003	Rp fiskerikai Herland	Fiskerikai	7.4 daa
Atløy	2005004	Rp Indrekjørvik	Hytte	254.9 daa
Bulandet / Værlandet	2001001	Rp Fv365 Bulandet – Værlandet	Fylkesveg	
Bulandet / Værlandet	1997001	Rp Sørgarden bustadfelt	Bustader	30.5 daa
Bulandet / Værlandet	2013003	Rp Streten, del av gnr.60, bnr. 1	Utleiehytter, bubil	26.9 daa
Bulandet / Værlandet	2013002	Rp Landøy, del av gnr. 60, bnr.4	Bustader	20.9 daa
Bulandet / Værlandet	2006006	Rp Magnhildsengja – Brimmen quarry	Steinbrot. Utfylling i sjø	68.7 daa
Bulandet / Værlandet	1998001	Rp Rånane	Loran C, steinbrot	605 daa

Bulandet / Værlandet	1994001	Rp Båtmannskjer/Krabbeskjer	Industri	63.4 daa
Bulandet / Værlandet	1999004	Rp Båtmannskjer/Krabbeskjer – endring	Symjebasseng	14 daa
Bulandet / Værlandet	2003001	Rp Nikøy, del av gnr. 70, bnr. 1	Budtader, industri	13.2 daa
Bulandet / Værlandet	2006004	Rp Bulandet kyrkjegard	Utviding kyrkjegard	1.6 daa
Bulandet / Værlandet	20013005	Rp Nordnessundet	Hytte	96.7 daa

\*Plannr. 2010001, RP Dalsfjordbrua-massedeponi. Det vert opna for omregulering til massetak. Plannr. 2010001 gjeld til ny plan ligg føre.

\*Plannr. 2011001, RP Bogeвика hytte- og bustad. Det vert opna for omregulering til bustadføremål. Plannr. 2011001 gjeld til ny plan ligg føre.

Nokre vedtekne reguleringsplanar har forelda innhald eller innhald som ikkje har særleg reell verdi. Desse planane vert ikkje vidareført. Etter at arealdelen er vedteken, må ein starte eigen planprosess for å oppheve desse planane. Dette gjeld:

- 14281994002 reguleringsplan for Vindheimsvegen
- 14281975001 reguleringsplan for Holmedal
- 14281982002 reguleringsplan for Skaret
- 14281979001 reguleringsplan for Røyset innmark sør
- 14281974001 reguleringsplan for Askvoll sentrum
- 14281978002 reguleringsplan for Askvoll sentrum endring bustader
- 14281977001 reguleringsplan for Askvoll Øvre Innmark B
- 14281983001 reguleringsplan for Prestegarden
- 14281981002 reguleringsplan for veg over Askvika parsell A, B og C

## 5 VERKNADER AV PLANFORSLAGET

### 5.1 Konsekvensutgreiing

Plan og bygningslova stiller krav om konsekvensutgreiing av arealdelen når

- Nye område vert sett av til utbyggingsføremål med arealformål nr. 1, 2, 4, 5 og 6 jf. plan- og bygningslova § 11-7
- Utbyggingsføremål vert vesentleg endra, for eksempel frå næring til bustad eller fritidsbustad
- Det vert opna for spreidd utbygging i LNF-område
- Område vert bandlagt etter plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd d) med formål å sikre areal til seinare utbygging - kan vere utgreiingspliktig
- Det vert gjort endring i utfyllande føresegner som endrar vedtekne rammer for utbygging, for eksempel utnytting, lokalisering mm.

#### 5.1.1 Metode

Konsekvensane av dei einskilde arealinnspela er belyst i konsekvensutgreiinga og gjeve ei tilråding. Konsekvensutgreiing og tilråding er utarbeidd av plankonsulenten, sjå vedlegg 2.

Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i rettleiar for konsekvensutgreiingar av kommuneplanens arealdel (T-1493) og fastsett planprogram. Utgreiingstema er drøfta med styringsgruppa og valt ut frå kva som vart rekna for å vere mest relevant. Følgjande tema er belyst:

- Areal- og transport
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv og rekreasjon
- Infrastruktur og offentlege tenester
- Samfunnstryggleik (risiko og sårbar-analyse (ROS), sjå kap 5.2)
- Næring og sysselsetting
- Universell utforming
- Landskap og estetikk
- Kulturminne og kulturmiljø
- Naturverdiar og biologisk mangfald
- Primærnæring
- Strandsone

På bakgrunn av konsekvensvurderingane har konsulent gjort ei fagleg vurdering. Styringsgruppa har teke endeleg stilling til korleis arealinnspela skulle innarbeidast i planframlegget. Sjå KU-dokumentet for meir om metode og vurdering av det enkelte arealinnspelet. Utgangspunktet for vurdering av verknadene er dagens situasjon, dvs. noverande planavklart og faktisk arealbruk.

## 5.1.2 Samla konsekvensutgreiing ny arealbruk

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Mest relevant for bustad og næringsareal.		I hovudsak vidareføring av eksisterande byggjestrstruktur.	0
2. Barn og unge	Alle innspela		Eit fåtall av innspela har mindre negativ konsekvens for barn og unge. Samstundes er det føreslått utbygging av GS-vegar og nye idrettsanlegg.	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Nokre område ligg i konflikt med eksisterande turstiar		Utforming av nye byggjeområde kan gjere tilgangen til friluftsområda like god som i dag.	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester				
5. Samfunns-tryggleik	Ras- og skredfare, trafikkfare, havnivåstigning og elveflom er relevante farer i kommunen.		Forhold avdekt gjennom ROS-analysen er gitt særskilte føresegner.	0
6. Næring og sysselsetting			Det blir tilrettelagt for noko nytt næringsareal.	+
7. Universell utforming	Bustadfelt og offentleg tilgjengelege område skal vere universelt utforma.		Må følgjast opp på vidare plannivå. Er gitt føresegner om UU.	
8. Landskap og estetikk			Konsekvens er avhengig av utforming og plassering av tiltak. Det er gitt generelle føresegner for handsaming av landskap og estetikk.	
9. Kulturminne og kulturmiljø			Nokre innspel er avvist på bakgrunn av konflikt med freda kulturminne. Ein del område må tilpassast eksisterande kulturminne og kulturmiljø i reguleringsplan.	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Det er mange naturverdiar i kommunen. Naturbase og Kystblåstjernerapport nytta som grunnlag		Områda er avgrensa eller avslått der dei er i konflikt med viktige naturverdiar.	0



12. Primærnæring	AR5		Ein del område er avgrensa eller avslått på bakgrunn av konflikt med jordvern og/eller kjerneområde landbruk. Nokre område ligg framleis i konflikt med fulldyrka mark, men er godkjent grunna positive konsekvensar på andre tema.	-
13. Strandsone	Kartverk. Funksjonell strandsone kartlagt i KDP Værlandet – Bulandet.			

### **Samla vurdering**

Planforslaget er i hovudsak ei stadfesting av eksisterande struktur. Det er lagt ut nye bustad- og fritidsbustadområde i alle krinsane. Hovudkonsekvensen av dette er ein større arealreserve i planen enn det utviklinga i kommunen tilseier. Der innspel om nye byggeområde har vore i konflikt med viktige verdiar, har områda blitt avgrensa eller tekne ut av planforslaget. Planforslaget er difor utan større konflikhtar.

Planforslaget viser den utviklinga kommunen ønskjer, og er utarbeidd i tråd med planprogrammet og samfunnsdelen. Framlegget er utan særskilte negative konsekvensar.

## **5.2 Samfunnstryggleik. ROS-analyse**

### **5.2.1 Kort om metode**

Alle arealplanar skal etter plan- og bygningslova §4-3 gjennomføre ein analyse av risiko og sårbarheit knytt til planframlegget, ROS-analyse. ROS-analyse for kommuneplanframlegget er utarbeidd av plankonsulenten, sjå vedlegg 3.

Metode for ROS-analyse følgjer NS 5804:2011. Kommunen har utarbeidd og vedteke akseptkriteria som ligg til grunn for arbeidet med overordna ROS for kommunesamfunnet og ROS-analysen for arealdelen (akseptkriteria vedteke 18.november 2013). Til grunn for analysen ligg også FylkesROS, oppdatert i 2013.

I ROS-analysen er innspela vurdert i høve til rasfare, trafikktryggleik, fare for eksponering mot elektromagnetiske felt, utrykkingstid for utrykkingskjøretøy, flaumfare, brannfare, havnivåstigning, stormflo, radon, vind, forureina grunn og farlege verksemder.

ROS-analyse er utarbeidd for dei områda som er innarbeidd i planframlegget. Konklusjonane frå ROS-analysen er henta inn i konsekvensutgreiinga.

## 5.2.2 Oppsummering / konklusjon samla ROS

### Skred

Mange av dei føreslåtte nye byggeområda ligg i aktsemdområde for skredfare. På dette nivået er det vanskeleg å angi den faktiske skredfaren. Det er viktig at skredfaren blir vurdert nærare ved byggjetiltak og reguleringsplanarbeid. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartleggje nærmare sannsyn for ulike typar ras og skred. Store delar av utbyggingsområda på Bulandet/ Værlandet har ikkje skredfare. For utbyggingsområda i Vårdal/Olsetlandet/Ringstad kan det vere risiko for kvikkleireskred.

### Flaum/ flod

Nokre av dei nye utbyggingsområda ligg langs elvar og bekkar. I periodar med store nedbørmengde kan desse verte utsett for flaum og skred. Dette bør tenkjast på ved plassering og eventuelt dimensjonering av bygg. Det same gjeld naustområde og andre byggeområde som ligg i sjøkanten – desse kan bli utsett for havnivåstigning, springflod og høge bølger. Nye bygg skal plasserast min. 3 moh. over normalvasstand, dette er teke inn som krav i føresegnene.

### Vind

Dei vestlege delane av kommunen er mest vindutsett. Dette gjeld i hovudsak dei nye utbyggingsområda på Bulandet/ Værlandet, men også nye utbyggingsområde som vender mot Stongfjorden, Stavfjorden og Vilnesfjorden. Turbulent vind i fjordar og dalar, og vind som veltar ned fjellsider er ei større utfordring enn den jamnt sterke vinden ute mot havet.

### Elektromagnetisk stråling

Nokre av dei nye utbyggingsområda er plassert der det går kraftliner. Ved byggjetiltak/ regulering av bygg for langvarig opphald bør ein vurdere faren for langvarig eksponering i magnetiske felt over tilrådd grenseverdi (0,4 mikrotlesla).

### Farleg verksemd

Nokre utbyggingsområde ligg i nærleiken av verksemd med mogleg fare for eksplosjon eller utslepp av helse- og miljøskadelege stoff. Før ein tillét utbygging i desse områda må reell fare undersøkast nærare og eventuelt tryggingstiltak vere utført.

### Trafikkfare

Det er smale vegar i kommunen som ikkje er utforma i tråd med gjeldande vegnormalar og krav til trafikktryggleik. Det er få stader der det er gang- og sykkelveg og gatelys. Trafikkfaren for dei nye utbyggingsområda er i hovudsak vurdert som liten til moderat. Det har vore få trafikkulykker i kommunen, men også ei dødsulykke som er ei for mykje. Nye utbyggingsområde nyttar eksisterande vegnett. Eksisterande trafikktryggingssplan må prioritere kva tiltak som er viktigast dei kommande åra.